



Plan for å unngå Coronasmitte Åkra skole – 24.04.20

Planen blir evaluert kvar fredag

Føremålet med tiltaka er å avgrensa og forsinka utbrot av covid-19. Dei tre grunnpilarene for å bremse smittespreiing er:

1. Sjuke personar skal ikkje vera i skolen
 2. God hygiene
 3. Redusert kontakthypighet mellom personar
- Det aller viktigaste smittevern tiltaket er at sjuke personer held seg heime.
 - Hostehygiene og å halde avstand er avgjerande for å avgrensa dråpesmitte, mens handhygiene, og spesielt det å unngå å ta seg i ansiktet med ureine hender, er viktig for å hindre indirekte kontaktsmitte.
 - Handvask med lunka vatn og flytande såpe er ein effektiv måte å førebygge smitte. Skit, bakteriar og virus løyser frå huda under vask og blir skyld bort med vatnet. Barn og vaksne skal vaske hender hyppig og grundig i minst 20 sekund. Hendene skal deretter tørkast med eingongs papirhandklede.
 - Både de tilsette og barna får god opplæring i handvask. Dette kan forsterkast ved å gi påminningar munnleg og ved å hengje opp plakatar med instruksjon for god handvask. Det anbefalast å laga rutinar som barna synes er gøy å gjennomføra.

Handvask for barn skal som hovudregel skje med vaksen tilstade. Både tilsette og barn skal vaske hender:

1. Før ein drar frå heimen og når ein kjem heim
2. Når ein kjem på skolen/SFO
3. Etter hosting/nysing og ved tørke av ansikt/pussing av nasa
4. Etter toalettbesøk
5. Før og etter måltid
6. Etter ein kjem inn frå uteaktivitet/friminutt
7. Ved synlig skitne hender
8. Tørkepapir må være lett tilgjengeleg til bruk for elevar/tilsette

Alternativ til handvask

1. Viruset er følsamt for alkohol, og alkoholbasert desinfeksjon (handsprit) er eit alternativ dersom ikkje handvask fysisk er tilgjengeleg.
2. Alkoholbasert desinfeksjon er lite effektivt ved våte eller synleg skitne hender, då bør handvask utførast.
3. Alkoholbasert desinfeksjon kan være eigna på tur, etter at skitne hender først er reingjort med våtserviettar.

Hostehygiene:

1. Det bli anbefalt å ha tørkepapir lett tilgjengeleg til bruk for barn/tilsette. Har ein ikkje det tilgjengeleg, blir det anbefalt det å bruka albogekroken når ein hostar eller nys.





2. Unngå å røra ved ansiktet eller auge. Eit slikt tiltak vil vera vanskeleg for små barn, men eldre barn og tilsette kan oppmodast til dette.

Økt fysisk avstand mellom menneske reduserer muligheita for smitte, også før symptom på sjukdom oppstår.

Når skal barn, føresette og tilsette møta på skolen?

Barn og tilsette kan koma på skolen:

1. Når dei ikkje har symptom på sjukdom.
2. Ved gjennomgått luftvegsinfeksjon, kan barn og tilsette koma tilbake etter at de har vært symptomfrie i 1 døgn.
3. Dersom ein i husstanden har symptom på luftvegsinfeksjon, men ikkje har påvist covid-19, kan barnet og den tilsette møta på skolen som normalt. Desse skal imidlertid gå heim frå skolen dersom de får symptom (sjå under).
4. Elever og tilsette med typiske symptom på pollenallergi (kjent pollenallergi, rennande nase med klart nasesekret, rennande/kløande auge) kan møta i skolen.
5. Mange barn har ofte rennande nase utan andre symptom på luftvegsinfeksjon, og særleg etter at dei har vært ute. Desse barna kan koma på skolen/SFO såfram barnet ikkje har feber og er friskt.

Barn og unge som har kroniske sjukdommar, men som kan møte i barnehage og skole som vanleg:

1. Barn og unge med diabetes
2. Barn og unge med vel-kontrollert astma
3. Barn og unge med allergi
4. Barn og unge med epilepsi
5. Barn og unge med Downs syndrom
6. Barn og unge med hjertefeil utan hjertesvikt
7. Barn og unge med autoimmune sjukdommar som brukar immundempande behandling og har stabil sjukdom
8. Tidligare premature barn utan betydelig lungesjukdom

Når skal barn, føresette og tilsette ikkje møte på skolen?

1. Det er viktig at føresette får tydeleg beskjed og forstår grunnen til at barn med symptom ikkje skal møta i skolen.
2. Elevar og tilsette med luftvegssymptom:
 - Elever og tilsette skal sjølv med milde luftvegssymptom og sjukdomsfølelse, ikkje møta i skolen/SFO. Dei skal halde seg heime til dei har vore symptomfrie i 1 døgn.
3. Elevar eller tilsette som har bekrefta covid-19:
 - Skal være i isolasjon. Det er helse- og omsorgstenesta som avgjer kven som skal vera i isolasjon etter råd gitt av Folkehelseinstituttet (sjå www.fhi.no/coronavirus/).
4. Elevar eller tilsette som er nærkontakt/husstandsmedlem til ein person med bekrefta covid-19:





KARMØY
KOMMUNE



- Skal være i karantene. Det er helse- og omsorgstenesta som avgjer kven som skal være i karantene etter råd gitt av Folkehelseinstituttet (sjå www.fhi.no/coronavirus/).
5. Føresette som har luftvegssymptom, er i karantene eller isolasjon:
- Skal ikkje møte i skolen/SFO saman med barna, og må finne andre løysingar for følgjing og henting av barna.

Barn og unge som har kroniske sjukdommar, men kor det individuelt kan vurderast om det er grunnlag for at barnet skal haldast heime er lista nedanfor (1-8):

1. Barn og unge som er organtransplanterte
2. Barn og unge som er beinmargstransplanterte siste 12 månader
3. Barn og unge som er i aktiv kreftbehandling
4. Barn og unge med alvorleg hjartesyjukdom
5. Barn og unge med alvorleg lungesyjukdom og/eller har betydeleg redusert lungekapasitet
6. Barn og unge med diagnostisert alvorlig, medfødt sjukdom i immunforsvaret i ustabil fase som gjør dei særleg utsatt for alvorlege luftvegsinfeksjonar
7. Barn og unge på immundempande medisin og aktiv kronisk sjukdom
8. Det kan gjelde enkelte andre barn med alvorlege diagnosar som ikkje er nemnd her. I slike tilfelle må behov for tilrettelagt undervisning avklarast med behandlande barnelege.

Godt reinhald

1. Det nye koronaviruset (SARS-CoV-2) fjernast enkelt ved manuell reingjering med vatn og vanlige reingjeringsmiddel. Viruset kan overleve på flater frå timar til dagar avhengig av type overflate, temperatur, sollys og andre faktorar. Derfor er grundig og hyppig reinhald viktig for å førebygge smitte.
2. Utsette områder (sjå nedanfor) skal ha forsterka reinhald. Vi har gått gjennom rutinar og lokale reinhaldsplanar og laga tilpassingar (organisering, ansvar og ressursbehov). Ekstra beskyttelses utstyr trengs ikkje, men handvask skal gjerast etter reingjering, også dersom hanskar er brukt. Det er ikkje nødvendig å bruke desinfeksjon rutine messig på skolen. Dersom desinfeksjon likevel brukast, må synleg skit først tørkast bort med klut eller tørkepapir, elles verkar ikkje desinfeksjonsmiddelet. Aktuelle desinfeksjonsmiddel er alkoholbasert desinfeksjon og klorin.
3. Det er viktig med forsterka reinhald på utsette områder:
 - a. Toalett og vaskeservantar må rengjerast minimum dagleg
 - b. Tørk over flater som toalettsete og kran på servanten 2-4 gonger dagleg
 - c. Eingongs papirhandklede og såpe skal vera tilgjengelig, og ein må sørge for at søppel blir tømt regelmessig
 - d. Spisebord vaskast med vann og såpe etter bruk
 - e. Dørhandtak, trappegelender, stolar, andre bordflater og gjenstandar som ofte blir tatt på rengjerast hyppig, minimum dagleg
 - f. Elevane skal vaske over eigen pult dagleg
 - g. Leker, sportsutstyr, nettbrett, datamaskiner/tastatur må også vaskast av minimum dagleg
 - h. Me har redusert talet på leikar, slik at reinhald er gjennomførbart





- i. Tøy leker og andre tekstil må vaskast på minimum 60°C. Dersom ikkje det er mogleg, må dei ryddast bort
- j. Dekketøy og bestikk vaskast i oppvaskmaskin i henhold til gjeldande rutinar

Redusert kontakthypighet mellom personar

1. Redusert kontakt med andre vil minska risiko for smitte frå personar som ikkje veit at dei er smittsame. For å oppnå dette må ein auke avstand mellom personar, redusere talet på barn som er tett saman og det kan arrangerast færre møter og samlingar.
2. Det er likevel viktig å understreka at personalet fortsatt kan og må ivareta barnets behov for kontakt og omsorg, slik at barna også tryggast på den nye situasjonen i skolen.
3. For de yngste elevene/elever med særskilte behov der det er vanskeleg å regulera avstand til andre, blir det viktigaste tiltaket å avgrensa talet på nærkontaktar til kvart barn og tilsette, til dømes ved å ha små grupper og ha faste tilsette for kvar gruppe.
4. Dette kallast å laga «kohorter» og i skolen/SFO vil dette være det viktigaste utgangspunktet for smittebegrensning og eventuell sporing av smitte. Ei fast gruppe med elevar og tilsette kallast ein kohort og på skole/SFO vil slike kohorter vera eit godt utgangspunkt for smittebegrensning og eventuell sporing av smitte. Ein kohort kan til dømes ta utgangspunkt i skolens eksisterande klasseinndeling og norm for lærartettleik (15 elevar per lærer på 1. til 4. årstrinn, og 20 elevar per lærer for 5. til 7. årstrinn). Kohorter skal i minst mulig grad blandast med andre kohorter. Innafor ein kohort kan elevar og tilsette omgås og leike saman. Særlig dei eldste elevene må likevel oppmodast til å halde ein meters avstand og unngå unødvendig nærkontakt. Dette vil ikkje være like lett å følgje for dei yngste elevene.
5. To kohorter kan samarbeida for praktisk gjennomføring av skoledagen, men samarbeidet skal fortrinnsvis gå føre seg utandørs. Unngå å blanda fleire ulike kohorter. Kohortene si samansetjing kan ved behov endrast, men ikkje oftare enn vekentleg og etter ei helg (minst to dagar utan kontakt mellom barn og tilsette i ein kohort). På denne måten blir det færrest mulige nærkontaktar ved påvist sjukdom hos eit barn eller ein tilsett. Det er ein fordel at elevene ikkje omgås mange andre barn på fritida.
6. Fysisk kontakt:
 - a. Behovet for nærleik og omsorg hos barna må ivaretakast, særlig etter gjenopning kor nokre barn har spesielt behov for nærleik. Tilsette bør vaske hender etter kos og trøysting.
7. Tetthet i grupper:
 - a. Etablere kohorter av barn (sjå over) som skal vera saman ute og inne.
 - b. Kohortene kan byte samansetjing frå veke til veke etter ei helg.
 - c. Ta i bruk større lokalar der det er mogleg.
8. Tilsette kjem til klasserommet slik at elevene ikkje treng å bytte rom der det er mogleg.
9. Alle elevar har egen pult i klasserommet for å sikre avstand mellom barn. Der barna ikkje har eigen pult, bør dei sikrast arbeidsplass med avstand (helst ein meter) til andre barn.
10. Sikre at alle barn har eigen ete- og aktivitetsplass på SFO som skapar avstand mellom barn.
11. Unngå trengsel på veg inn og ut av undervisningslokala, i garderobar og på toalett. (sjå rutine nedanfor)
12. Eventuelt opprette merking på golvet for å sikre avstand mellom elevar i grupperom/klasserom, garderobar og andre områder det kan oppstå trengsel.





13. Økt bruk av utetid og uteskole. Særlig for SFO anbefalast det i størst mogleg grad at aktivitetar føregår ute.
14. For å unngå fleire kohorter saman, kan uteområdet delast i soner.
15. Sørge for at alle barn har eigen sitjeplass ved mat eller aktiviteter der dei sit, med avstand mellom barn.
16. Ha ulike tidspunkt for når barn i ulike grupper er ute for å avgrense talet på barn som er ute samtidig.
17. På starten og slutten av dagen:
 - a. Kartleggje og planleggje ulike oppmøte- og hentetider for å unngå trengsel i garderoben
 - b. Det oppmodast om at forsette ikkje blir med inn i skolen dersom ikkje det er nødvendig. Her må likevel omsyn til barnet sitt behov for tryggleik vege tyngst. Der det er mogleg kan barn møte tilsette ved inngangen når dagen starter, og forsette møter same stad ved henting.
 - c. Barna kan møte i ute klede for å kunne starte dagen ute der dette er mogleg.
18. Avgrensa deling av mat og gjenstandar:
 - a. Barna skal ikkje dela mat og drikke
 - b. Barna et i sine kohorter, på sin pult.
19. Avgrens deling av materiell (for eksempel teiknesaker, saks, viskelær, blyantspissar, nettbrett og liknande). Alle har sitt eige utstyr på sin eige pult.
20. Leikar skal ikkje delast mellom kohorter før leikane er reingjort
21. Leikar skal ikkje takast med heimanfrå
22. Spesielt for tilsette:
 - a. Halde avstand (minst 1 meter) til kollegaer i andre (ikkje samarbeidande) kohorter.
 - b. Avgrense fysiske møter og pausar der fleire samlast. Bruka videokonferansar i staden for fysiske møter med kollegaer der det er mogleg.
 - c. Unngå handhelsing og å klemme.
 - d. Unngå bruk av ringar og handsmykke på jobb.
 - e. Felles nettbrett, datamaskiner/tastatur må vaskast av etter bruk.
 - f. Være ekstra merksame på hygiene rundt kjøkken/ete rom.
 - g. Avgrense bruk av offentleg transport til og frå arbeidsplassen der det er mogleg.
23. For spesielle tenester (PPT, logoped og andre) skal desse følgje basale smittevern rutinar etter gjeldande anbefalingar (god hand- og hostehygiene, ikkje møte opp ved sjukdom, osv.), men kan elles utføra sitt arbeid som normalt.
24. Spesielt for skolehelsetenesta:
 - a. Helsesjukepleiarar har ein viktig rolle som rådgjevarar i det smittevernfaglege arbeidet på skolen.
 - b. I tillegg er helsesjukepleiarar viktige samtalepartnarar for elevar, og for å kunne gi helsemessig og psykososial støtte.
 - c. Samtalar, undersøkingar og behandling av elevar kan gjennomførast etter same retningslinjer som for øvrige helse- og omsorgstenester. Se www.fhi.no
25. Smitteverntiltak i enkelte fag
 - a. Her følgjer råd for enkelte fag som krev ekstratiltak, i tillegg til dei råda som er skildra over.





- b. Bruk av garderobar og undervisning i kroppsøving:
 - i. Skift før kroppsøving kan eventuelt gjennomførast på ulike klasserom for å sørge for meir plass.
 - ii. Dusj etter kroppsøving anbefalast utsett til elevane har kome heim.
 - iii. Ved behov for dusj, må elevane vera i sine kohorter for å avgrensa talet på elevar i garderobe/dusj samtidig.
- c. Utegym anbefalast.
- d. Unngå aktiviteter med nær kontakt mellom elevar som for eksempel enkelte lagidrettar, pardans, kampsport, eller liknande.
 - i. Dersom det i en seinare fase av utbrotet blir aktuelt med symjeundervisning: Klorinnhaldet i bassengvann inaktiverer både koronavirus og andre virus
 - ii. Undervisninga må organiserast slik at nærkontakt mellom elevar i garderobar og bassenget unngåast.
- e. Musikk
 - i. Unngå at blåseinstrument blir delt av fleire elevar.
 - ii. Ved bruk av handholde instrumenter og tangenter, må berørte områder tørkes av etter bruk.
- f. Mat og helse
 - i. Forsøk å gjennomføra undervisninga på alternative måtar (som til dømes heimeoppgåver).
 - ii. Viruset smitter ikkje via mat så lenge det utøvast god handhygiene og vanleg kjøkkenhygiene.
 - iii. Unngå mat som blir framstilt utan varmebehandling (til dømes salatar og liknande).
- g. Kunst og handverk
 - i. Avgrens deling av utstyr. Vask og reingjer utstyret etter bruk der det er mogleg.
- h. Skolebibliotek
 - i. Utlån av bøker er greitt så lenge fremt handvask er utført før ein kjem til skulebiblioteket.





KARMØY
KOMMUNE



Vaksne (føresette/tilsette)

Basert på informasjon om utbrotet så langt frå Kina, Italia, Storbritannia, USA og Norge, er det særlig eldre personar (over 65 år) som har høgare risiko for alvorleg sjukdom med det nye koronaviruset, spesielt dersom dei i tillegg har underliggjande kronisk sjukdom. I tillegg kan vaksne personer, særlig dei over 50 år, med kroniske sjukdomar som hjarte-karsjukdom (inkludert høgt blodtrykk) og diabetes ha noko høgare risiko for alvorleg forløp av covid-19. Tilsette som tilhøyrar grupper med høgare risiko for alvorleg forløp av covid-19 vurderast individuelt i forhold til tilrettelagt arbeid. Tilsette dette er aktuelt for, må ha legeerklæring.

Det er ikkje vist at gravide kvinner har høgare risiko for alvorleg sjukdom av covid-19 og det er heller ikkje grunnlag for å mistenke at infeksjon kan gi risiko for fosterskade. Folkehelseinstituttet anbefaler at gravide kvinner som har kronisk sjukdom eller svangerskapskomplikasjoner bør diskutera med eigen lege om det er grunn til å utvisa ekstra forsiktighet og behov for tilrettelegging på arbeidsplassen.

Føresette som er i risikogruppe må kontakta eigen lege for å vurdere behov for tilrettelegging av skoletilbodet for ytterlegare å avgrense smitterisiko til heimen. For barn med tilsette (andre i hushaldninga) i risikogruppe, opprettast det dialog mellom skolen og føresette om det er mogleg å tilretteleggje slik at desse elevene likevel kan møta på skolen. I slike tilfelle bør også omsynet til barnets beste tilleggas stor vekt. Moglege tiltak kan til dømes vera at barnet berre møter på skolen i utetida eller at det opprettast små grupper rundt det eine barnet (2-3 barn). I slike tilfelle skal også andre faktorar som er viktige for barns behov takast med i betraktning.

Opplæring av tilsette og informasjon til føresette

Tilsette skal få opplæring i å gjennomføra nødvendige smitteverntiltak som er skildra i denne rettleiaren. Rettleiaren vil supplerast med ytterlegare informasjon som kan nyttast i kompetanseheving av tilsette.

Foreldre og føresette skal vera trygge på at det er forsvarleg at barna går på skole/SFO igjen. Det er derfor viktig at skolen har god dialog med foreldre og føresette. Vidare er det viktig at foreldre og føresette aktivt bidrar til å gjennomføre smitteverntiltaka i samsvar med denne rettleiaren. Det blir utarbeida egen informasjon til denne gruppa.

Informasjon om dette finn ein på <http://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>





Samhandling med føresette og foreldremøter

Det anbefalast å ikkje arrangera foreldremøter eller andre større samlingar i dette stadiet av covid-19 utbrotet. Digitale møter anbefalast.

Utviklingssamtaler bør erstattast med digitale møter. Der det ikkje er mogleg, kan utviklingssamtalen gjennomførast med følgjande tiltak:

1. Ulike familiar skal ikkje venta på same rom
2. Vask hender før og etter samtale
3. Hald to meters avstand mellom tilsette og elev/føresette
4. Ved behov for tolk eller liknande, må desse også halde avstand til de andre

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/filmer/>

RISIKO	TILTAK
Foreldre smittar elever eller tilsette på skolen	<p>Henting/levering: foreldre skal ikkje gå inn på skolen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Me anbefaler at barna går/syklar til skolen • Barn som blir køyrd skal setjast av/hentast utanfor skolen, ved fortauet på austsida av skolen mot Bedehuset.
Elevar smitter kvarandre	<ul style="list-style-type: none"> • Alle fellessamlingar blir avlyst • TL aktiviteter blir avlyst • Symjing blir avlyst (inntil vidare) • Minst mogleg gym-timer innandørs • Inn-utmarsj løysast med kø system. Berre to elevar inn i garderobe for kvar gruppe, handvask under tilsyn av vaksne. • Friminutt etter dette oppsettet: <ul style="list-style-type: none"> ○ Friminutt for 1.og 2. klasse grupper: 09:15 – 09:30 ○ Friminutt for 3. og 4. klasse grupper: 10:00 – 10:15 ○ Matpause: kl. 10:55 – 11:15 alle elevar på sine pultar ○ Friminutt alle grupper: kl. 11:15 – 11:45, her blir gruppene delt mellom parken (i soner) og uteområdet på skulen (i soner) ○ Er det behov for fleire pausar blir dette gjort i smågrupper ved behov • Handvask før og etter mat og etter friminutt og dobesøk. • Skolemjølkk blir levert til klasseromma og kvar elev hent si mjølkk frå mjølkekassen. Kvar elev skyller, brettar og kastar sin kartong i posen. Posen ber ordenselev ut i papircontainer (svart) • Elevene har sin faste pult med god avstand til de andre. Pult og Ipad blir reingjort av elev/vaksen kvar dag. • Samlingskroker er rydda vekk • Uteskole anbefalast.





	<ul style="list-style-type: none">• Friminutt/SFO: elevar leikar saman innafør sin kohort, men i det korte friminuttet (15 minutt) kan 2 kohortar leike saman.<ul style="list-style-type: none">○ Særlig de eldste elevene må likevel oppmodast til å halde 1 meters avstand og unngå nærkontakt○ Dette vil ikkje være like lett å følge for de yngste elevene• Morgon SFO: Barna har faste sitteplasser inne på sine klasserom der det anbefalast at dei bruker eige pennal og får utdelt egne leker. SFO ryddar bort leker til allment bruk.• SFO er mest mulig ute• Spritflasker, filler, såpevann og papir i alle rom som nyttast• Våtserviettar, papir og sprit tas med på tur
Tilsette smitter kvarandre:	<ul style="list-style-type: none">• Pausar på ulike tider. Kaffi/te og koppar blir satt ut på personalrom (Plass til maks 6 personer) og gymsal (plass til maks 8 personar)• Arbeidsrom i administrasjonsdelen skal berre brukast til henting av utstyr. Klasserom kan nyttast til arbeidsrom eller heimekontor etter undervisningstid. Arbeidsrom i nybygg kan nyttast av inntil to personar som har arbeidsplassen sin der.• Kopimaskin skal desinfiserast før og etter bruk• Vaskepersonell prioriterer handtak, dører, lysbrytarar, kraner i de romma som er i bruk, samt toalett.• Desinfiser toalettsete før og etter bruk.





Sjekkliste

Skolen sitt ansvar		
Tiltak	Utført dato	Merknad
Opplæring av tilsette i smitteverntiltak ved at dei er blitt gjort kjent med innhaldet i rettleiaren.		
Informasjon til føresette om nye rutinar i skolen/SFO.		
Lage plan for handvaskrutinar for barn og tilsette.		
Lage skriftlig rutine for reinhald.		
Lage plan for oppretting og organisering av kohorter.		
Ha dialog med tilsette som er i risikogrupper og barn som har behov for tilrettelegging.		

Hygienetiltak		
Tiltak	Utført dato	Merknad
Sikre at det er nok såpe og tørkepapir tilgjengeleg ved alle handvaskstasjonar og toalett.		
Opplæring av barna i handvaskrutinar og hostehygiene.		
Henge opp plakatar om handvaskrutinar og hostehygiene.		
Henge opp alkoholbasert desinfeksjon der ikkje handvask er tilgjengeleg.		
Planleggje handhygienetiltak ute og på tur (våtserviettar og alkoholbasert desinfeksjon).		

Redusert kontakt mellom personar		
Tiltak	Utført dato	Merknad
Vurdere bruk av rom opp mot talet på barn i gruppene.		
Planleggje for aktivitetar ute med ulike tider for ulike grupper.		
Dele opp uteområdet for ulike grupper.		
Unngå større samlingar av elever.		
Sørgje for at det er tilstrekkeleg utstyr som teiknesaker for å avgrense deling.		
Sørgje for at barna har eigen sitjeplass med god avstand under måltider og aktivitetar.		
Lage ein plan for å redusere trengsel i garderobar, toalett og på veg inn og ut av skolen/SFO		
Organiser oppmøte- og hentetider for å hindre trengsel.		
Eventuelt introdusere merking på golv for å sikre avstand i områder der det kan oppstå trengsel		
Plan for alternerande tidspunkt for friminutt for å avgrense talet på elevar som er ute samtidig		
Plan for ekstra bemanning ute i friminutt, for å hjelpe elevene å holde avstand		
Plan for spreidde oppmøtestader før skoledagen byrjar for å unngå trengsel		
Plan for gjennomføring av skoleskyss		
Unngå kollektivtransport ved turar ut av skolen		





KARMØY
KOMMUNE



Reinhold		
Tiltak	Utført dato	Merknad
Lag ein plan for reinhold, som beskriv hyppighet og metode for dei ulike punkta. Planen må omfatta toalett, servantar, hyppig rørte gjenstandar (dørhandtak, trappegelender, lysbrytarar ol.).		
Lag ein plan for reinhold av leiker, sportsutstyr, nettbrett og liknande. Leiker og gjenstandar som ikkje kan vaskast, ryddast bort.		

For ansatte		
Tiltak	Utført dato	Merknad
Avgrensa fysiske møter, eventuelt tilretteleggje for videokonferanse.		
Halde avstand i pausar.		
Etablere rutinar for vask av felles nettbrett, data-maskiner/tastatur.		
Oppmoda til å ikkje nytta offentleg transport.		

Med venleg helsing

Espen Sellevold
Rektor

Torbjørn Kjellesvik-Kristiansen
Undervisningsinspektør

